

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Møre,

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stordal

Emne: Gamall engkultur.

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter o Stavdal

Gard: Stavdal

(adresse): Stordal. Sunnmør.

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- 1) Det mest almindelege namn på sråfer åt krøter er høy. Eng og Le er også kjende og brkte ord. Vil ein spesifisera kva slag høy ein hev, so er det tvo slag, Tøhøy og Småhøy. (eit) Forskjellen er at tø-høy er graset som vveks på gjødsla mark. Småhøyet er hausta på ugjødsla mark. Det reknast fylgjeleg som småhøy om det hausta på ugjødsla innhegna mark eller utslittslåttar. I løa var det også skilje mellom småhøy og tø-høy. Småhøyet vart velt på småhøystælet, og brukt åt sau og geit. Tøhøyet vart åt kua, og låg i tø-høy-stælet. (eit) Småhøyet kunne vel benemnast kvar det var ifrå, som t.d. Slatte-høyet, Bølø-høyet, Betna-høyet, men det vart alt saman velt på småhøy-stælet i heime-løa. Liknanande var det med tø-høyet. Det kunde t.d. vera i frå Mali-ekra eller Hegg-ekra (Hejj-ekra) Storslette eller Neste-sletta. Det vart velt på tøhøy-stælet i løa. Desse namn skreiv seg vel helst frå gangen i arbeidet. At ein var komen se og se langt. Det var nok se at ein tok til med slåtten på same staden kvart år. Her på garden var det soleis fast regel at fjerde slattede vika skulde dei åt si

Slættå. Ein anna ting skal eg og so nemna. På alle Garder, der det var fleire bruk var teigbyte, d.v.s. småbytt. Ein måtte difor fylgjast åt med inhaustinga ellest vart det nedtrakka.

Att-lege (ei) er eit ålment kjendt ord. Og det det meinest med det, Aker attlagd til eng.

Der det var slett mark slik at ein kunde bruke langørv, kan det ofte verta sagt at det er langørvs-mark. Var det mykje stein og tuvor, se rekna det det for småljå-mark.

Her på garden hadde me eit høystål (eit høyståle) som var kalla i hllje-stælet (little-stælet) Høyet som vart velt på ihllje-stælet var småvore tøhøy. og vart av budeia (aktar-deia) brukt som eit kriselager. Kom det ut av måta med tø-høyet var det å taka av ihllje-stælet. Var det små-høyet som minka ført etter gamle merkje, se laut dei taka av inlljestælet åt smalen eg.

2) Om våren skulde all slættemark på innmark ryast til slætten. dei likte å få gjera arbeidet så tidleg som råd var. Men eg trur at oftast se vart det til etter vår-enna. arbeidet var å gå med ei rive og raka ihop lauv og kvisteg leggja det dunge (ryhlje-danhje(ein)) og helst brennafrusket opp. Kvinnfolka trångde ei tre dagar med ryinga, og børni likte å vera med for å bruma busar, (iin bire).

3) Mose i gamle attlegr tynte dei på den måten at dei køyrdet på mold pfrå ei åker-reine so mose-attlegra vart nesten svart. Dertil gjøssel som til bygg Fyrste året sådde dei litt korn, og sle det ilag med den andr3 tø-engen. Grasfrø veit eg ikkje om her var

kjøpt før omkring 1908.

- 4) Her er mange døme på at vassjuk hev vere grøfta. Og flaumvatn hev vore veitt til stader det gjorde minst skade.

Ei veita om lag 1 km, lang, frå tunet og nord i Stav-åna hev vere laga i eldre tid. Far min fødd 1855 visste ikkje når den vila. Oftast vart denne veita kalla maskin-veita eller truske-veita. Men i turr-somrana var den egse brukta til vatning av slåttemarka


- 5) Rundt 1890 vart det på desse kanter .. skipa mange små aksimeieri. Kvar grend se og seia hadde eit slikt. Folk lagde seg fylgjeleg meir etter mjølkeproduksjon, Akrane vart røttlagd, og enga gjødsla, for å få større avlinger. Før den tid var visst all gjøssel brukta på åkeren. Far fortalte, at bestefar likte sers dåleg at han spanderte gjøssel på enga.

- 6) Eng som er gjøssla kallast tø-eng, eller helst tø-høy.

- 7) Både garden Stavdal og mange andre gardar i heredet er neke brattlendt, og merkjeleg nok er tunet lagt i øvste kant på alle desse bratte garra. Det er vel hels fleire grunnar for dette. Og tanken på at gjødsla seig unna bakkje er vel ein.

- 8) Sovidt eg kann minnast, vart haft gjøssel på markja (ei) både haust og vår. Gangen arbeidet var at 2 mann med kar sinn hest køyrd med jul-sle (ein) (Gjøssel-vogn), og velte i dungar. 2 mann leste mykra (ie) i naute-døngjen (ein) (gjødsel-kjellaren). Og var det godt mykra var med småregn kunne ofte kvin felka cera med og breie. Køyde dei myker ned åver markerne, hekta dei jamt ein møkesle att i. På den måten fekk dei med seg tve lass i ei vending. Møkesleden sette dei opp i julsleden oppatt.

Til å lese og breie myker med var det greipa som var brukt. Stål-greipa var nok eit mykje betre redskap enn tre-greipa som var brukt før. Det slang vel att ei kort tre-greipa rundt 1900, men dei gjekk då fort av moden.



Riss av ei gamal tre-greip.

- 9) Det var allmindeleg, og er det tildels endå, og beite saudne på bønå både haust vår. Om våren kunne det nok vera fær skert på høy. Det var desutan ein lette i arbeidet, åg få smalen ut. Og se heldt dei bra særleg fer lamba a dei varute nokon færdei vart slepte på skegen fer godt. Dei fekk fær gå som dei vilde på ei nedomen. Sia dei tek til å kjøpa frø til nyatt leges er dei mindre velsedd der. Om hausten fær smalen og so gjerne gå på bøen frå han vert henta heim frå fjellet og tik eg til snæsen kjem.

- 10) Om dei gamle meinte det var godt fer enga at den vart litt avbeitt hev eg ikkje hørt nokon om,

- 12) Den tid smalen fekkgå på bøen vart han havt i fjøsen om natta. Rundt 25de mai vert sau'en slept til fjells. Og vert då ikkje ettersedd før han vert henta heim om hausten., utan i serlege høve.

Kyrne vart slept ut siste halvdel av mai. Nev ikkje høyvat dei fekk gå på innmark. Bei første 3 vike kjem dei som regel heim sjølve. Sidan måtte ^{nu} gå etter dei. rundt Jensek vart dei jaga på Bøtnastølen. Der kom dei som regel heim sjølve.

Dei som lakkje hev trø (ei) og jaga kyrne etter, hev som regel sommars-fjøs. Gjøsladerifrå vert havt på åker eller eng.

- 13) Net no gjeng føre seg ei sterk omleggjinga av sommarsbeitengi. Folk gjærer inn med elektrisk gjære av småljå-marka. Rydder vekk skog og gjøslar. Ogg so gjeng kyrnededer. Det er sagt seterdrivta er uløsem Det vert meir mjølk når kyra gjeng på kultur-beite. Vanskeleg å få seter-deie er vel egso ein av grunnane Her på Stavdal tok me til laga kulturbete i 1947.

- 14) 15) 16) 17) 18) Noko slikt sem grindgang er ikjent her.

- 19) 20) Ordet trø (ie) og trøbakkle (ein) er ålmant brukt her. Trøa er vegen som krøtera gjeng, frå fjøsen og oppgjenom trøled og vidare åt hamha. Brukt i same innining er råk(eit) og jeil (ei) Gjerdes-garden på kvar siida av råket kallast råk-garn (ein) Her er egso ein åker like ved som kallast Jelgars-åkern.

- 21) På dei fleste sæterstøla her i bygda er der innhegna slåttemark, som kallas ~~sæter-~~gjære(eit) Sæter-gjær ~~er~~ vettgjødsla. På sætra med arbeidde veg brukast jul-sle, og køyra gjødsla utåver med t.d. Långsætra. Dei fleste brukar mokesle(d). Sæter-slåtten hev gått mykje tilbake.

- 22) Oske hev wore brukt til gjødsel frå gamallt. og ersers bra til poteter. På garden Hove hev eg sett at dei gjødla både med tang ^{småsild}, jamna utåver mark(ja).

Peter O. Skardal.

H. v. R.
Skardal.

i samarbeid med


KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNØGOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKE-MUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har brukta fiskebein og fiskehovud til brensel?

Har ein brukta kumøkk til brensel?

Tilleggsspørsmål til nr 5 - Vannbæring

At bera vatn på stong er ikkje kjent her

Tilleggsspørsmål til nr 12.

Bruk av fiskebein, fiskehovud eller kumøkk til brensel er ikkje kjent